



To grantre, eit stort og eit lite, lyser opp i Uskedalen.

Musikklaget var der. Meir folk enn venta var der og ljuset frå 78 pærer vart tend nøyaktig kl. 17.00. Om ikkje Børsdalsnissen kom, fekk våga seg. Det var heller ikkje kafe og sal frå boder. Koronaen sette nemleg ein stoppar for ei fullstendig markering. Musikklaget talde 9 medlemmer i kveld. Fire av dei var med på den fyrste julegrantenninga for 57 år sidan.

Uskedal Musikklag framførte julemelodiar frå hefte Koralar for korps,- Nå tennes tusen julelys, O, little Town of Betlehem, Away in a Manger og Det kimer nå til julefest. Jakob Sande sin julesong Det lyse i stille grender med tone av Lars Sørås høyrer alltid med til julegrantenninga.

Det er Uskedal Musikklag som i alle år har hatt ansvaret for montering av lys, tenning, musikkinnslag og tilsyn i heile jule- og nyttårshelga. Tre menn, Lars Myklebust, Knut Steinsletten og Ståle Eik, klargjer alle lysa og står for montering. Den eldste av dei, Ståle Eik, 76 år går i toppen. Det same gjer Knut Steinsletten, mens Lars Myklebust styrer lekkjene og ser til at alt tek seg fint ut frå bakken.



Fire av dagens medlemmer i Musikklaget var med på den fyrste julegrantenninga i 1963. F.v: Bjørgulv Eik, Audun Eik, Lars Myklebust og Knut Steinsletten.

I 1963 vart det brukt 30 ljospærer. I dag er taket ledpærer heile 78. Då er ljuset i toppen medrekna. Det er tilsaman 7 lekkjer med 11 pærer i kvar.

Julegrana hadde i 2012 ei høgde på 22,15 meter. For ti år sidan var høgda 21,54 meter, ein auke på 61 cm. på ti år. Det har vore liten vokster dei siste 8 åra. Dessutan er toppen knekt.

Dei fyrste åra var julegrantenninga på skitnesundag, ofte med etterfylgjande julekonsert i kyrkja. Dei siste åra har tenninga vore fredag før fyrste sundag i advent.

Egil Myhre frå Uskedal Utvikling har i år som i fjor montert ljøs på den litla grano på plenen, i plakatskuret og på eine kortveggen på Gamleskolen. Alt er med og skaper julestemning i ei myrk årstid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hanne Saghaug Kroka/ Kristian Bringedal/ Øystein Enæs



Julegrana og sentrum fotografert frå Eik.